

Spela ved julegrantenninga i 1963 også.

28.11.2015



Held koken godt! Framme:Leif Matre og Bjørgulv Eik. Bak: Knut Stensletten, Einar Gjertsen, Lars Myklebust og Audun Eik. Gunnvald Friheim er innfelt då han var i syden då biletet vart teke.

Når julegrana vår vert tent førstkommande fredag, 4.desember, kl.17, skjer det for 53.gong. Som ved alle dei 52 tidlegare åra er det Uskedal musikklag som har ansvar for pynting, tenning og julemusikk. Gjennom åra har dei hatt ulike samarbeidspartnarar om arrangementet rundt tenninga;- dei 10-15 siste åra Damevennene.

Første julegrantenninga skjedde 20.desember 1963. Frå årsmeldinga til musikklaget dette året kan vi lesa:
- Vidare stod laget for innkjøp av 30 ljospærar og pæreholdarar med leidning, dette vart tillaga som joledekorasjon og hengt opp i den store grana på skuleplassen 20.des. **Så lenge dette treet får stå i fred er tanken at det kvar jolehelg skal vera pynta med ljøs**, skreiv skrivaren i laget Bjørgulv Eik i denne handskrivne årsmeldinga.

Dette har verkeleg vorte fulgt opp, og det er vorte ein svært viktig tradisjon i bygda. No er ei jul utan den vakre, lysande julegrano utenkjeleg i Uskedalen. I mange år skjedde lystenninga skitnesundag før ein gjekk til julekonsert i kyrkja. Etter ønskje frå bygdefolk og handelstand vart tenninga tidlegare i desember, og det har vore ulike arrangemet rundt den. Det har også vore ulike samarbeidspartnarar om desse slik som skulemusikken, handelstanden, skulen(FAU) og dei seinare åra Damevennene

Til liks med at musikklaget har vore trufaste mot julegrantenninga, har også mange musikarar vore trufaste mot korpset. Oppteljing viser at over halvparten av dei som er aktive i veterangjengen i musikklaget i dag, 7 musikarar, spela ved den første julegrantenninga i 1963. Imponerande! Bjørgulv Eik, Leif Matre og Gunnvald Friheim spela i musikklaget medan Knut Stensletten, Lars Myklebust, Audun Eik og Einar Gjertsen spela i den dåverande Guttemusikken, som også spela ved tenninga i 1963. Alle 7 er svært aktive i dag, og det skal gode grunnar til for at dei misser ei øving!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland